

## Referat frå styremøte nr. 4 - 2016

**Dato:** 26.08.2016

**Tid:** kl. 12.00-14.30

**Stad:** Ålesund rådhus, møterom 467

### **Til stades:**

#### *Frå styret:*

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune  
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune  
Varamedlem Arnulf Goksøyr, Herøy kommune  
Varamedlem Marit Larssen, Giske kommune

#### *Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Erlend Krumsvik  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

#### *Andre:*

Anne Mette Liavaag, strategi- og utviklingssjef i Ålesund kommune (sak 31/2016)  
Ann-Heidi Paulsen Orvik, rådmann i Sandøy kommune (sak 32/2016)

#### *Forfall:*

Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune  
Styremedlem Einar Vik Arset, Ulstein kommune  
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune  
Varamedlem Jørgen Amdam, Volda kommune  
Varamedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune

**Referent:** Vegard Sperre Austnes

**Sak 29/2016: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Møteinnkallinga vart godkjent. Til eventuelt viste dagleg leiar til at det no er ulike høyringar ute som Sunnmøre Regionråd kan vurdere å sende høyringssvar på. Styremedlem Dag Olav Tennfjord meldte til eventuelt ei orientering om status for arbeidet med Sunnmøre soningscenter.

**Sak 30/2016: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 12.05.2016 (nr. 3 - 2016)**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige styremøte vart godkjent.

**Sak 31/2016: Orientering om prosjektet "Innbyggerdeltakelse i regionkommunen Ålesund".**

Ved Anne Mette Liavaag, strategi- og utviklingssjef i Ålesund kommune

Utgangspunktet for prosjektet utvikle, prøve ut og implementere system for medverknad i regionkommunen Ålesund. Intensjonsavtalen for regionkommunen seier: *«Regionkommune Ålesund skal sikre levande lokaldemokrati basert på ei vid forståing av demokratibegrepet gjennom utprøving av nye former for medverknad.»*

Liavaag viste til at Fylkesmannen var oppteken av å samordne dette prosjektet med prosjektet som nemnt i sak 32/2016.

**Sak 32/2016: Orientering om prosjektet «Offentleg innovasjonprosjekt eKommune Sunnmøre – digitalt verktøyskrin for lokaldemokratisk arbeid».**

Ved Ann-Heidi Paulsen Orvik, rådmann i Sandøy kommune

Prosjektet skal realisere eit digitalt vertøyskrin for lokaldemokratisk arbeid til bruk i kommunane si tilrettelegging for eit sterkare, meir inkluderande og deltakande lokaldemokrati for alle innbyggjarar. Fylkesmannen har gitt tilsagn om midlar til prosjektet under førsetnad av at prosjektet samarbeidar med Ålesund kommune sitt prosjekt (sak 31/2016).

Sunnmøre Regionråd er bedt om å samordne prosjektet med prosjektet som nemnt i sak 31/2016 samt vere prosjektleiar.

*Vedtak:* Styret tek orienteringa til vitande, og ber administrasjonen utarbeide sak til neste styremøte 23. september 2016 om økonomi og organisering av prosjektet.

**Sak 33/2016: Orientering om plansamarbeidet på Sunnmøre.** Ved rådmann i Giske kommune Marit Larssen

Kommunal planstrategi skal vedtakast kvar valperiode innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert. Det er ikkje ein plan, men ei oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument med ei vurdering og prioritering av planarbeidet i fireårsperioden. I august 2015 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med sikte på korleis kommunane kan nærme seg planstrategien i fellesskap.

Larssen sa at kommunal planstrategi ligg no føre med unntak av det kvar kommune må bidra med sjølv, til dømes tilstandsanalyse (demografi, næringsutvikling m.m.). Det er behov for tilbakemelding frå kvar kommune om kva ein vil delta i av interkommunalt plansamarbeid. Vidare er det behov for å lande ein felles framdriftsplan i løpet av november 2016.

*Vedtak:* Styret tek orienteringa til vitande, og ber arbeidsgruppa arbeide vidare.

**Sak 34/2016: Orientering om Sunnmøre Regionråd sitt arbeid med regionreforma.** Ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Sunnmøre Regionråd har invitert til workshop om kommunereforma 7. september 2016. Workshopen finn stad i Ørsta. Inviterte er m.a. ordførarar og rådmenn frå deltarkommunane i respektive Sunnmøre Regionråd og Nordfjorderrådet, representantar for Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, samt Møre og Romsdal fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Formålet med workshop regionreforma er å gi ei systematisk tilbakemelding frå medlemmane i dei aktuelle regionråda til fylkeskommunane om korleis ein ser på regionreforma. Det blir utarbeida ein prosjektrapport som blir oversendt fylkeskommunane og kommunane i etterkant av samlinga.

Styret tok orienteringa til vitande, og avventar resultatet av møtet i Ørsta.

**Sak 35/2016: Eventuelt**

**Uttale frå Sunnmøre Regionråd til Lånekassen om Lånekassen i Ørsta**

Dagleg leiar orienterte om at Sunnmøre Regionråd har sendt brev til styret i Lånekassen der vi ber dei om å ikkje foreslå for Kunnskapsdepartementet å leggje ned Lånekassen sitt kontor i Ørsta. Styret bad om å få oversendt brevet.

**Mogleg besøk frå Nærings- og fiskeridepartementet**

Dagleg leiar orienterte om at Nærings- og fiskeridepartementet i oktober 2016 sender sine tilsette på bedriftsbesøk i heile Norge for å få tettare kontakt med næringslivet. Styremedlem Marit Larssen viste til at departementet allereie var invitert til bedrifter i Giske kommune. Styret i Sunnmøre Regionråd fann å støtte dette initiativet.

#### **Møte med Mørebenken 14. oktober 2016?**

Dagleg leiar orienterte om at han har vore i kontakt med leiar av Mørebenken på Stortinget med tanke på å få til eit møte med dei. Neste møte i representantskapet 14. oktober 2016 kan vere aktuelt å kombinere med eit møte med Mørebenken.

#### **Innspel til komande Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter**

Dagleg leiar orienterte om at ei Stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikter vil bli lagt fram tidleg i 2017, og at det no er høve til å kome med innspel til arbeidet med meldinga. Siste frist for innspel er 30. september 2016.

#### **Innspel på rapport om fylkesmannen sin framtidige struktur**

Dagleg leiar orienterte om at det no er høve til å kome med innspel på ein førebels rapport om fylkesmannen sin framtidige struktur. Rapporten er utarbeidd av regjeringa sitt ekspertutval. Det vil kome ei politisk avgjerd i 2017. Det er ikkje lagt opp til ny høyring av fylkesmannsstrukturen etter denne innspelsrunden. Fristen for innspel er 14. oktober 2017.

#### **Felles uttale om Nødnett**

Dagleg leiar viste til at brannsjefar på Sunnmøre meiner at Nødnett ikkje fungerer godt nok. Administrasjonen i regionrådet har starta arbeidet med ein uttale om dette.

*Vedtak:* Uttalen skal sendast til styret til gjennomlesing.

#### **Bekymring for HV 11 på Setnesmoen**

I langtidsplanen for Forsvaret kjem regjeringa med forslag om å leggje ned anlegget på Setnesmoen. Frå styret vart det nemnt at kommunane står samla om Setnesmoen, og at ein vil å ha kontakt med ordføraren i Rauma kommune om saka.

#### **Status for arbeidet med Sunnmøre soningscenter**

Styremedlem Dag Olav Tennfjord sa mellom anna at prosjektgruppa har hatt 3 møter, samt vore på besøk i Bergen soningscenter. Det må no arbeidast politisk på nasjonalt nivå for å få 10 millionar kroner i prosjekteringsmidler og prioritet på neste års statsbudsjett. Prosjektgruppa vil be om eit møte med justisministeren samt ta opp saka med Mørebenken på Stortinget.